


# Vigsling av Haramsøy Skule 10. desember 1959



Den nye Austnes skule på Haramsøya er både vakker og praktisk utforma, og den ligg fint i terrenget. (Kjellerhøgda ligg friare andre vegen.) Bygget er teikna av arkitekt Knut Bugge, Molde, og folk frå Haram har utført det byggemessige. Anlegget har kosta 750 000 kr., men så rømer også skulen åtte ordinære klassar, forutan skulekøkkenopplæring for elevar frå andre øyar i kommunen.

## Samarbeidsvilje og 3/4 million kroner har gitt Haramsøy skule av toppklasse 8 klasser med 170 elevar — Folketalet frå 362 til 1000 på 100 år!

Nybyggd æresportal med tvinna granbar, kulørte lyfter og eit lysande VELKOMEN heisa gjestene nedanfor nyeskulen på Austnes, som vart vigsla torsdag. Og gjestene var frå heile Haramsøya og endå mykje vidare, der var skuledirektør og gymnastikkinspektør, ordførar og formannskap og skulestyre. Både born og vaksne bygdefolk og alle dei tilreisande var strålende nøgde med denne vakre og gode skulen, som sokneprest Dyrle sikkert med rette karakteriserte som toppen blant dei seks nybygg i Harams rosverdige skuleoffensiv dei siste åra. Og det som betre er: Byggesaka har her ikkje skapt snøv av byggestrid, den har tvært imot samla heile øya til positivt og godt samarbeid. Vigslafesten vart då også halden i ein glad og vennleg atmosfære, som gjorde at alle som var til stades hygga seg kvart minutt i godt lag og kjende seg så velsigna heime.

La oss først få ta med nokre tørre fakta om nyeskulen. Den ligg på det såkalla kommunestykket eit stykke nordvest for Austnes sentrum. Skuleområdet er på 6 mål, og skulen si grunnflate er på 618 kvadratmeter. I hovedetasjen finn ein fire klasserom, sloydosal med naudsynete tilleggsrom, stort skulekøkken med arbeidsplass for fire parti, bibliotek, arkivrom, lærarrom. Ei halv høg ned finn ein ytterromma, og i kjellarhøgda gymnastikksal på 116 kvadratmeter, garderobes og dusj, og i «akterfløyen» har dei og grave ut full kjellar, slik at der ligg eit over 200 kvadratmeter stort rom i gymnastikksalhøgda som dei i grunnen ikkje har bruk for. Kan hende blir der provisorisk — symjehall! Utanfor ligg leikeplassen, som er heile 90 x 60 meter.

Skulen har ei sers god planlysing. Såleis hadde skuledirektør Kristian Langlo svært mange lovord å seie, m. a. om god konsentrasjon, og framifrå plaserings og utforming av dei ymse romma. Og så er der så triveleg tvers gjennom heile huset, friske og vel avstemte fargar, lyse og lette rom — med flotte teakvindu over alt,

pryda med blomster og gardiner som gaver frå krinsen. Vi fekk i det heile kjensla av at haramsøy-ingane i uvanleg sterk grad var glade og velnøgde over skulen, og det med rette!

Der bur i dag omlag 1000 menneske på Haramsøya, og eleventalet i folkeskulen ligg på 170 i år. Før har der vore to-delt skule på Ulla, tredelt i Akre-Haram krins og femdelt i Austnes. No har fellesskulen sju-deling, og på første klassetrinnet er der så mange elevar at dei må ha to klasser. Men det er på tale — og det vert truleg gjennomført — å ha førsteklasse i gamleskulen på Akre.

### STOR FESTDAG

Festdagen torsdag tok til med middag for innbedne gjester på skulen. Etterpå var det opptog

## Vigsling av Vestmo i oktober

### Kurheimen treng både pengar og innbu

Alt grunnarbeid ved Vestmo Kur- og Helseheim, støypping av grunnmur og golv i kjellar er ferdig, og ein arbeider med reising av 1. høg. Ein reknar sikkert med å få heimen ferdig til vigslе oktober 1960.

Det økonomiske vedkomande bygget er i orden, men det trengs vidare pengar til uthus, sjøbruk og inngjerding, innbu til pasientrom o.a., så den som har vilje og evne til å hjelpe, høyrer vi gjerne frå, seier sekretæren, E. O. Waksvik, til Sunnmørsposten.

Denne gongen kan vi elles kvittere for fylgjande gaver:

M. Ytterlid kr. 15.-, fru Norli kr. 15.-, frik. Moen kr. 15.-, Ingeborg Solemdal kr. 5.-, Edv Reitan kr. 20.-, Sig. Vorpvik kr. 15.-, O Kalvøy kr. 15.-, k.l. Syskenringen kr. 5.-, E. L Bø, kr. 5.-, Ola Tandstad kr. 10.-, Per Krøka kr. 10.-, N.N. kr. 10.-, Hans B Ringstad kr. 10.-, Ruth Ellefsen kr. 5.-, Olav Nilsen kr. 10.-, Ingv Lande kr. 10.-, Johan Nelvik kr. 10.-

med det nystarta Austnes gutemusikkorps i brodden, og så vart det avvika ein strålende barnefest i gymnastikksalen, der også mange vaksne «lurde seg inn» og gledde seg minst like mykje som borna.

Så var det dei vaksne sin tur å hygge seg til framimot midnatt. Gymnastikksalen vart reint i minste laget, men programmet vart «kringkasta» over heile skulen.

Formannen i byggenemnda — Hans Brandal — ynskte velkomne og leidde samkoma. Sokneprest Alfred Dyrle minte om at «Guds ord viser veg», og han heldt andakt utifrå ordet i 1. Kor. 2, 12—13. Eit talekor av 8 skulejenter bar fram manande ord til forsamlinga, og Austnes Misjonskor sang under leing av Jon Remme. Same mann svinga taktstokken for gutemusikken — som imponerte stort med ei eigen avdeling etter kort levetid.

### «IKKJE EIT UVENNLIG ORD»

Leif Austnes, som var formann i førebungs- og byggenemnd til han vart engasjert i sjølv byggearbeidet, fortalde om «tilblivelseshistorien». Han takka alle som hadde hjelpt til og skapt det gode resultatet, m. a. arkitekt Knut Bugge, kommuneteknikar Johan Mork som har vore byggekonsulent, alle som har arbeidd på skulen, og ikkje minst skuleautoritetane med Syltebø og Langlo i brodden, for stor velvilje og hjelp. Utanom dei to nemnde har Johan Ulla og Petra Olden vore med i byggenemnda. Ei serleg takk retta byggenemnda til folket på heile øya for framifrå samarbeidsvilje. Det har ikkje vore sagt eitt uvennleg ord i skulesakal fortalde Austnes.

Ordførar Trygve Rønstad tok mot skulen på vegne av kommunen, og han både takka og gratulerte. Ein skule som denne er noko av det mest verdfulle ei bygd kan få, så han, og streka under at kommunen framleis vil og må investere i skulesektoren. Vi må få gjort ekstra mykje der som kompensasjon for dårlege kommunikasjonar, hevda han.

Når nyeskulen på Lepsøy no snart kan bli bygt, står berre Otterlei-Fjærtøft att for Haram

er ferdige med det store byggeprogrammet som har vore vedteke. Men det er berre første runde, og ein må straks ta fatt på ein ny omgang, sa ordføraren.

### INSPIRERANDE VIGSLETALE

Kristian Langlo heldt sjølv vigsletalen, spirituell, ålvorsam og skjemtande, med eit vell av inspirerende tankar, og imponerende variert frå alle hinc skuletalane. — Han streka under at dette har vore ei lett skulesak å arbeide med heile tida, ikkje minst på grunn av den gledelege semja mellom folket på øya. Same gode samarbeidsånd opplever ein no også på Lepsøy, og i Otterlei-Fjærtøft, som og vil gå saman til ein krins.

Som alltid krydra skuledirektøren talen sin med forvitneleg lokalhistorie, og denne gongen kunne han m. a. fortelje at det for hundre år sidan berre var 37 heimmar med 232 menneske på Haramsøya. Så her har vore framvekster! Han tala og om skuleverket og næringsgrunnlaget i Haram kommune, og etter å ha teke forsamlinga med på ein interessant avstikker til skulen i India — som han nett har vitja — var han tilbake med manande ord om skulens store oppgaver: Å gi borna både opplæring og oppseding.

Etter at vigsleritualet var lese, song ein «Moderens bønn» av Bjørnson.

Skulestyreformann Einar Farstad tok over skulen og leverte han vidare til krinsen ved formannen i tilsynet, veterinar Johan Ulla, som tidlegare i programmet hadde lese ein sers velskriven og manande proleg.

Seinare utover kvelden veksla det med matykt, allsang, korte talar og anna gildt program.

## Amerikansk fjernsyn og kritikken av det

### Svar til Einar Dalen fra Eivind Berdal

Chicago, 30. november.

På grunn av reiser og et par om-addresseringer er jeg først nå blitt gjort oppmerksom på et «Publikums Innlegg» i Sunnmørs-posten 7. november, skrevet av Einar Dalen. Innlegget kritiserer en artikkel jeg hadde skrevet fra Toronto i Canada under tittelen «Lenge leve Norsk Rikskringkasting». I denne artikkelen hadde jeg gått til felts mot de etiske normer som særlig fjernsyns-rekla-